

Vanylven og Sande inviterer til **FOLKEMØTE REISELIV 2020**



Torsdag 16. januar, Åram skule kl. 18.30*

Tema: Produktutvikling av reiselivet i Vanylven – Sande – Herøy – Ulstein og Hareid

Arr. Møre og Romsdal fylkeskommune, Visit Ålesund og Sunnmøre – 2469 Reiselivsutvikling

* Ferge frå Kvamsøy kl. 16.45, Voksa 17.00, Larsnes 18.00 – Retur frå Åram til Larsnes kl. 21.05, Frå Åram til Voksa/Kvamsøy kl. 21.35

2469
reiselivsutvikling

Folkemøte reiseliv Vanylven og Sande - program

BAKGRUNN

Reiselivet på søre Sunnmøre, definert som kommunane Ulstein, Herøy, Hareid, Sande og Vanylven, er fragmentert og med eit behov for meir samhandling mellom aktørane.

Målet for prosjektet er at ein skal samle regionen i ei felles satsing på reiseliv. Prosessen skal knyte aktørar med felles interesser saman, og å skape nye aktivitetar og opplevingar for turistar i, og på tvers av kommunegrensene.

Folkemøta har som utgangspunkt å presentere bakgrunnen for prosjektet og å få innspel og synspunkt på reiselivsutviklinga på søre Sunnmøre. Det skal inviterast breidt til disse møta og det er ynskjelig at møta skal skape ei forankring for prosjekta i lokalbefolkninga.

Gjennom folkemøta ynsker ein å forankre reiselivsutviklinga i bygdelaga, slik at innbyggjarane kan identifisere seg med denne og i utgangspunktet kunne være ein del av ei utvida vertskapsrolle. Det er eit mål at attraksjonskraft og tilbod ikkje berre vert utvikla for turistar/vitjande, men tilrettelagt også for lokalbefolkninga. Dette byggjer lokalsamfunnet sin totale attraktivitet og påverkar til auka busetjing

Folkemøta vil være ein innspelsprosess rundt kva gjester dei ulike lokalsamfunna vil ha, kva tid ein ynskjer dei og kva ein har å tilby.

I tillegg vil folkemøta kunne nyttast til å diskutere/forankre tankar om utvikling i lys av kombinasjonen bærekraft og utvikling.

Ein god stad å bu og arbeide - er ein god stad å være gjest!

PROGRAM

18:30 Innleiing ved ordførar(ane)

18:45 Bakgrunn og hovedmål med prosjektet ved prosjekteigar/destinasjonsselskap

19:00 Innspel og diskusjoner leia av 2469 Reiselivsutvikling:

- Gjennomgang framdrift og prosess
- Når ein satser på reiseliv bør fylgjande spørsmål stillast:
 1. Kvifor treng vi turistar/vitjande?
 2. Kva har vi å tilby dei som vitjar oss?
 3. Kvar og når vil vi ha turistar/vitjande?
 4. Kven vil vi invitere heim?
 5. Korleis får vi tak i dei som vil vitje oss?

- Spørsmål og svar

21:00 Avslutning

Folkemøta er tenkt som ein arena for diskusjon og innspel til den vidare prosessen med ei felles reiselivssatsing. Det vil ikkje bli konkludert noko på møta, men alt som kjem av innspel vil bli notert og teke med vidare.

Kontaktpersonar: Vanylven: Tor Inge Nygård, tlf. 95 47 04 52 – post@vanylvenutvikling.no

Sande: Toril Urkedal, tlf. 46 80 77 71 – toril.urkedal@sande-mr.kommune.no